



Planområde på Stølen er på 3 dekar og vil gje plass til 9 - 10 bueiningar i 3 bygg.

Detaljplan for konsentrert bustbygging på Stølen er lagt ut på høyring. Fristen for å koma med merknader er sett til 7. august 2017. Planområde er på 3000 rutemeter med plass til 9 - 10 bueiningar i tre bygg. Eksisterande hus og løe på Stølen er ikkje ein del av planområde.

Etter kommunedelplanen er område definert som framtidig urtvidingsområde for buststader og offentlege føremål. Uskedal Eigedom AS er tiltakshavar og eigar av arealet på 123/176. Eigar har før tilrettelagd og bygd hus på nabotomta. No ynskjer Uskedal Eigedom å utvida dette bustadområde med sentrumsnære tomter.

I saksutgreiinga går det fram at viktige funksjonar som leikeareal, parkeringsplassar, hage- og grøntanlegg er ivareteke i planen. Det same er behovet for sosial arena og samlingsplass i eit tun. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne på plassen. Ei arkeologisk overflategransking avdekka ikkje funn. Arealet er ikkje lenger vurdert som eit drivverdig landbruksområde.

Det er som vanleg laga reguleringsføresegner til planen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Kartet syner plasseringa av bygga og tilkomst. Eit anna kart syner også plassen for parkering, hage, leikeområde og eit tun som ein sosial arena.